



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Førebels rapport (Illustrer karakter)

Kulturhistoriske registreringar

Kultur- og idrettsavdelinga,
Seksjon for kulturminnevern og museum



**Reguleringsplan FV 40
Matre ferjeleie
Kvinnherad kommune**

Rapport

1

1999/2012



Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga
Kulturhistorisk registrering. Reguleringsplan FV 40
Matre ferjeleie i Kvinnherad kommune

Utgåve: 1
Dato: 2012-07-06

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar: Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga
Rapportnamn: Kulturhistorisk registrering. Reguleringsplan FV 40 Matre ferjeleie i Kvinnherad kommune
Utgåve/dato: 1 / 2012-07-06
Arkivreferanse: Dykkar referanse 651 - 9906144

Oppdrag: 520954 – Kulturminnefagleg rapportarbeid
Oppdragsskilddring: Rapport kulturhistorisk registrering
Oppdragsleiar: Kjell Arne Valvik
Fag: Plan
Tema: Kulturminne og kulturmiljø
Leveranse: Kulturhistorisk rapport (kml § 9 registrering)

Skriven av: Kjell Arne Valvik
Kvalitetskontroll: Tore Bjørge / Jostein Aksdal

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

Bilete framside: Tårnfoto av hustufta "Matrehuset" på lokalitet 2 på Sunde i Matre, Kvinnherad kommune.

FØREORD

Kjell Arne Valvik, Asplan Viak as, har vore engasjert av Hordaland fylkeskommune for å slutføre påbyrja etterarbeid / rapportarbeid.

Leikanger, 6.7.2012

Kjell Arne Valvik (Asplan Viak)
Oppdragsleiar

Tore Bjørge (HFK)
Kvalitetssikrar

INNHALDSLISTE

1	Innleiing.....	5
2	Bakgrunn og samandrag.....	7
3	Området og tidlegare kjende funn frå førhistorisk tid langs traseen.....	8
4	Målsetjing og metode.....	9
4.1	Arbeidet.....	10
4.2	Registreringa på garden Sunde gnr. 258, bnr. 2.....	10
4.3	Kulturhistorisk samanheng.....	11
5	Lokalitet 1.....	12
6	Lokalitet 2.....	25
7	Oppsummering.....	46
7.1	Ein buplass frå steinalderen og bronsealderen.....	46
7.2	Eit gardsanlegg frå folkevandringstida.....	46
8	Formidling.....	51
9	Litteratur.....	54

1 INNLEIING


Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Seksjon for kulturminne og museum ved Kultur- og idrettsavdelinga som utfører det kulturminnefaglege arbeidet.

Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det skal gjerast arkeologiske feltregistreringar. Feltarbeidet har som mål å finne ut om eit planlagt tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). Feltregistreringane omfattar overflateregistrering, prøvestikking og maskinell flateavdekking avhengig av mellom anna terrengtype, høgd over havet og nærleik til kjende kulturminne. I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av utført arkeologisk feltarbeid. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og skildrar om framlagde planar er i konflikt med kulturminne. I fylgje kulturminnelova §10 må tiltakshavar bera kostnadene med gransking av automatisk freda kulturminne som nemnd i §§ 8 og 9.



Figur 1. Reg. plan Fv40 Matre ferjeleie.



Figur 2. Utsnitt av reguleringsplan. Nedskalert.

2 BAKGRUNN OG SAMANDRAG


Bakgrunnen for den kulturhistoriske granskinga var Statens vegvesens planar om nytt ferjeleie med tilførselsveg på Sunde i Matre, Kvinnherad kommune.

Det var ikkje tidlegare kjende automatisk freda kulturminne i det aktuelle planområdet. Målet med undersøkinga var å få kartlagt mogleg konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne i det aktuelle planområdet. Hordaland fylkeskommune utførte difor ei kulturhistorisk registrering i planområdet for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. Kulturminnelova § 9. Den kulturhistoriske registreringa vart utført i desember 1998. Etter at lokalitetane vart frigjevne utførte Hordaland fylkeskommune ei utvida undersøking våren og sommaren 1999. Samstundes starta anleggsarbeida opp i dei områda der det i planen ikkje var i konflikt med automatisk freda kulturminne. Etter stort lokalt engasjement gjekk fylkeskonservatoren i samarbeid med Bergen Museum inn for å oppheve frigjevinga som var gjeven for dei aktuelle kulturminna. Statens vegvesen tilpassa planane sine slik at lokalitet 1 berre delvis vart råka av utbygginga. Lokalitet 2 vart liggande heilt urørt av utbygginga, etter at vegvesenet endra planane om å rette opp kurvaturen på staden.

I samband med den kulturhistoriske registreringa hausten 1998 og den utvida undersøkinga våren og sommaren 1999 vart det avdekka ei rekkje automatisk freda kulturminne fordelt på 2 lokalitetar. Eigentleg er det tale om ein lokalitet på staden med busetnadspor frå steinalder til eldre jernalder, men vi valde å dela den opp i to lokalitetar etter som riksvegen delar lokaliteten i to. Lokalitet 1 ligg på nedsida av riksvegen, medan lokalitet 2 ligg på oppsida. Mange strukturar frå førhistorisk tid, knytt til busetnad i steinalder, bronsealder og jernalder, vart avdekka i dei 2 sjaktene som vart opna.

Begge lokalitetane ligg på Sunde gnr. 258 bnr. 2. Tunområdet på Sunde ligg i dag eit par hundre meter sør for lokalitetane. På lokalitet 1 vart det påvist ein buplass frå eldre og yngre steinalder, bronsealder og eldre jernalder. På lokalitet 2, som ligg på dyrka mark/åker er det avdekka ein buplass frå steinalder, bronsealder og eit langhus frå eldre jernalder. På begge lokalitetane er det avdekka førhistoriske dyrkingslag.


Sjaktene vart lagt i områda der det var planlagt omlegging og vegutviding i samband med den nye tilførselsvegen til den nye ferjekaia. Alle dei avdekka strukturane låg derfor i konflikt med det planlagde tiltaket. Men dette vart som nemnt justert slik at kulturminna i minst mogleg grad vart råka av tiltaket. Dei registrerte funnområda strekker seg ut over planområdet, slik at utbygginga i utgangspunktet berre råka delar av lokalitetane. Grunna omstende i saka vart det difor bestemt, i samråd med Bergen Museum og Riksantikvaren, at det skulle utførast ei utvida registrering, med undersøking og dokumentering av dei avdekka strukturane som vart råka av utbygginga.



Figur 3. Oversynskart over Kvinnherad kommune, Rosendal og Sunde. Nedskalert. Illustrasjon; Kjell Arne Valvik.

3 OMRÅDET OG TIDLEGARE KJENDE FUNN FRÅ FØRHISTORISK TID LANGS TRASEEN

Planområdet ligg solvend til på nordaustsida av Matrefjorden. Planområdet strekker seg frå Mjelkevika til Geitvika. Eit nes, Øyersneset, stikk ut i Matrefjorden mellom desse vikane. Like opp frå Øyersneset, der landskapet flatar seg meir ut med hellande bakkar ligg lokalitetane. Lokalitetane ligg på dyrka mark som har vore brukt til åkerbruk, slåttemark og beite. Kring dette flatare partiet er det brattlendt og kupert. Den eksisterande riksvegen går gjennom planområdet.



Figur 4. Oversynskart over lokalitetene på Sunde i Kvinnherad kommune. Nedskalert. Illustrasjon: Kjell Arne Valvik.

Heile planområdet ligg sør- og vestvendt med gode soltilhøve og sjønært. Delar av den dyrka marka i det flatare området er sjølvdrenerert.

På garden Sunde gnr. 258 var det før undersøkinga ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Det var heller ikkje kjende gjenstandsfunn frå førhistorisk tid på garden. Når ein gjekk over planområdet før registreringa tok til var der ingen synlege automatisk freda kulturminne.

4 MÅLSETJING OG METODE

På bakgrunn av tidlegare kunnskap om området var det ikkje stort potensiale for funn i området, men på grunnlag av terrenget og nærleiken til sjø vart det vurdert at potensialet for å finne automatisk freda kulturminne var til stades. Det var spesielt med tanke på potensialet for funn av buplassar frå steinalder og gardsbusetnad frå bronsealder og jernalder som gjorde at Hordaland fylkeskommune sette i gang ei § 9 undersøking i det aktuelle planområdet.

Sondering synte at jordsmonnet varierte frå 20 cm og opp til ein meter i planområdet. Overdekkinga på nokre av areala var difor god, slik at ein kunne venta å finna busetnadspor som ikkje var forstyrta av moderne jordbruksaktivitet. Det er i område med god overdekking at det er gjort flest funn. Det var tett kontakt med grunneigar Oddrun Berge ved

undersøkinga, og det gav oss nyttig informasjon om drenering, grøfter og åkrar. Vi fikk derfor tidleg informasjon om kvar det var gode sjølvdrenerande massar.

Hovudsakleg var det dyrka mark, med brakklagt åker, slåttemark og beite i dei områda vi ynskja å undersøke. Det vart sjakta med gravemaskin i det aktuelle område, der ei sjakt vart lagt på nedsida av vegen og ei vart lagt på oppsida. Matjorda/dyrkingsjorda vart lyfta vekk slik at undergrunnen vart avdekka, og eventuelle spor i denne vart synlege. Det vart berre i liten grad teke prøvestikk i området. Dette vart berre gjort i samband med avgrensinga av lokalitet 1.

4.1 Arbeidet

Den kulturhistoriske registreringa vart utført i perioden 1. – 3. desember 1998, medan den utvida registreringa i planområdet vart utført over ein periode frå 10 mai til 13 juni 1999.

Arbeidet i felt ved den kulturhistoriske registreringa i desember 1998 er utført av Tore Bjørge med 3 dagsverk.

Arbeidet i felt i samband med den utvida undersøkinga i perioden 10 mai til 13 juni 1999 er utført av Kjell Arne Valvik (prosjektleiar) med 25 dagsverk, Lars Øyvind Birkenes med 25 dagsverk, Atle Jenssen med 10 dagsverk, Arnulf Østerdal med 15 dagsverk, Hilde Vangstad med 10 dagsverk og Jostein Aksdal med 10 dagsverk. Til saman er det utført 95 dagsverk i felt.

Etterarbeid og rapportskriving er utført av Kjell Arne Valvik. Noko etterarbeid (plan- og profilteikningar) er utført av Jostein Aksdal og Arnulf Østerdal. Funnkatalogiseringa er utført av Bergen Museum.

Den kulturhistoriske registreringa vart utført i desember 1998 under svært dårlege vêrtilhøve, medan den utvida undersøkinga vart utført om våren og sommaren 1999. Det var mykje fint vêr i perioden. Lys og vêrtilhøva var derfor gode ved den utvida undersøkinga. På grunn av stort tidspress for ferdigstillinga av feltarbeidet vart det på dagar med fint vêr arbeida ut over kveldane.

4.2 Registreringa på garden Sunde gnr. 258, bnr. 2.

I samband med reguleringsplan for ny fergekai i Matre i Sunnhordland ble det i perioden 10 mai til 13 juni gjennomført arkeologiske undersøkingar på to lokaliteter. Ein på nedsida, V for eksisterande veg, og ein på oppsida Ø for denne.

Det vart opna sjakter innanfor det aktuelle planområdet på Sunde gnr. 258 bnr. 2. Ved registreringa vart det opna to sjakter, der sjakt 1 var 20 meter lang og 4 meter brei, og sjakt 2 var 40 meter lang og 4 meter brei. Ved den utvida undersøkinga vart sjaktene utvida både i lengda og i breidda. Sjakt 1 var ved den utvida undersøkinga 22 meter lang og 12 meter brei, medan sjakt 2 var 50 meter lang og 12 meter brei. Det vart klart at det på lokalitet 1, i tillegg

til busetnadspor frå bronsealder og jernalder, også låg ein buplass frå eldre og yngre steinalder. På denne lokaliteten vart det lagt ut rutesystem og grave kvadrantar i mekanisk-stratigrafisk i 5 cm lag.

Undergrunnen varierar noko i sjaktene, frå grov raudbrun sand og grus med mykje stein til fin lys grågul sjølvdrenerande sand og grus. Det er i område med sistnemnde type undergrunn at hovudvekta av strukturane er avdekka. Det er også i område med denne undergrunnen at overdekkinga er best. Dette tyder nok på at område med denne undergrunnen har, i tillegg til å vera godt eigna for busetnad, også vore dei beste stadane for dyrking. I tillegg ligg funnkonsentrasjonen på dei flataste partia i området.

4.3 Kulturhistorisk samanheng

De 350 åra mellom 200 og 550 e.Kr. omfattar den yngre delen av romartid og folkevandringstid. Skiljet mellom dei to periodane vert trekt omkring 400. Dette fell saman med dramatiske hendingar langs romarrikets grenser.

Hovudintrykket av dette tidsrommet er at det var ei veksttid, som i norsk førhistorie berre kan samanliknast med den seinare vikingtida. Mange nye gardar vart rydda og busett. Eit mangfald av ressursar frå hav til fjell vart utnytta. Langt fleire synlege gravminne enn før vart reist over dei daude. De vart ofte lagt på gamle gravfelt, men også nye gravfelt vart tekne i bruk. Gravgodset ble rikare. Fleire smykke og våpen vart lagt med dei døde i grava. Noko som tyder på at folk fekk større tilgang på varer av bronse, glas og edelmetall. Handelen med folk i Skandinavia, Nord Europa og i de romerske provinsane fekk eit kraftig oppsving.

Mange stader der langs kysten vart det bygd naust for lange skip som kunne ha opp til 20 roarar.

I nokre område la også folk ned eit stort arbeid i å bygge forsvarsmurar på vanskeleg tilgjengelege åstoppar, såkalla bygdeborger.

Alt i alt tydar dette på ei tid med hektisk verksemd over det meste av landet. Men biletet er også motsetningsfylt. På den eine sida gjev bygdeborger, graver med våpen og bortgjømde skattar inntrykk av krig og ufred. På den andre sida tyder den auka mengda med importvarer, nyrydda gardar og gravfelt der generasjon etter generasjon gravla sine daude, på ei jamn og roleg samfunnsutvikling.

Gravfeltet, slik som på Indre Matre, tyder på dette. Der er det eit stort gravfelt med 18 gravhaugar i dag, men det kan ha vore fleire tidlegare. I tillegg er det bevart mange steingardar og ein geil på Indre Matre. Dette er strukturar som strekk seg attende i tid til jernalder, saman med mange spor etter åkerbruk. Geilen gjorde det lettare å føre dyra frå garden og ut i utmarka. I tillegg verna den åkrane og slåttemarkene i innmarka. Geilen på Indre Matre har nok også samanheng med den gamle ferdselsvegen over fjellet til Vik i Uskedalen. Bendixen skildrar dette området i 1898.

Det er i denne samanhengen vi må sjå øydegarden frå folkevandringstid som er funnen i Matre.

I det fylgjande vert lokalitetane presentert kvar for seg, med ein fortløpande gjennomgang av strukturane på kvar lokalitet. Det er også innanfor kvar lokalitet ein samanfattande tolkingsdel av strukturane som er avdekka på lokalitetane.

5 LOKALITET 1

På lokalitet 1, på nedsida av vegen, vart det etter at matjordlaget var avdekka med gravemaskin, grave prøveruter på 1 x 1 og 0,5 x 0,5 meter. Massane vart grave mekanisk-stratigrafisk i 5 cm lag, og sålda med 4 mm såld i sjøen. I tillegg vart den langsgåande profilen på buplassen reinska og dokumentert.



På lokaliteten vart det avdekka ein buplass frå seinmesolittisk og tidlegneolittisk tid. I tillegg til bruksfasane frå steinalder er det avdekka spor frå bronsealder og jernalder på lokaliteten.



Figur 5. Oversyn avdekka del av lokalitet 1 på nedsida av vegen. Sjakta frå registreringa i 1998 nærast i biletet. Lokaliteten blei vidare avtorva i 1999 (vest for langsgåande profil).

Frå steinbrukande tid er det funne pilspissar tilverka av flint og ryholitt, fleire økser og øksefragment, skraparar, mikroflekker, mikroflekkekjerner (flint og bergkrystall), flekker, samt ei mengd med avslag (flint, ryholitt, bergkrystall, bergart og grønstein). Dei to mest funnrrike laga står fram som kollag, med eit funnrikt sand – og gruslag mellom, også dette inneheldt mykje trekol. På flata er det tre strukturar der den eine truleg er restar etter ein eldstad frå steinalder.

De to andre strukturane er høvesvis ei mogleg kokegrop frå bronsealder (med asbestkeramikk) og ei oppbygging i stein frå jernalder (skår frå kleberkar med hol for oppheng).



Figur 6. Den undersøkte flata på lokalitet 1. Området nærast i biletet er flata som vart utvida i samband med den utvida registreringa (Lite felt felt x179125, y12825 og stort felt x179010, y12850).

I ei mogleg kokegrop vart det funne asbestmagra keramikk som kan tyde på ei datering til bronsealder av denne kokegropa.

Det er vidare funne ei oppmuring i stein på lokaliteten. I denne oppmuringa vart det funne ca 20 skår av eit klebersteinskar med hol for oppheng. Skår frå same type kar (med hol for oppheng) er også funne ved veggvollen i ei hustuff frå romartid / folkevandringstid på lokalitet 2 på oppsida av vegen. Det er difor sannsynleg at karet og oppmuringa frå lokalitet 1 representerer aktivitetspor frå folkevandringstid.

Ved den utvida registreringa vart arbeidet delt opp i to arbeidslag, der eitt lag jobba på lokalitet 1 og eitt på lokalitet 2. Undersøkingane på dei to lokalitetane gjekk føre seg parallelt.



Figur 7. Lokalitet 1 til venstre for vegen og lokalitet 2 på høgre sida. Som vi ser av biletet går fortsetter kulturlaga under vegen og bind lokalitetane saman.



Figur 8. Lokaliteten sett mot Matrefjorden i nord.

Rutemeter og kvadrantar

47x 47y: Skilje i massen mellom lag 5 og 4. Fett svart kollag. Sand- og grushaldig. Lite stein.

56x 41y: Lag 1 og 2. Feit, svært trekolhaldig masse. Ein del knyttnevestor stein, samt ein større stein (20 – 30 cm). Øksefragment i bergart (egg) inn til stor stein i lag 1. Passande øksefragment i lag 2, på same staden i kvadrant.

54x 47y: SA kvadrant. Lag 1. I nordvestre del av kvadranten var det trekolhaldig masse (stor mengde), elles mykje forvitra stein. Fleire skår av kleberkar funne i det trekolhaldige området.

54x 47y: SA kvadrant. Lag 2. Noko trekolhaldig masse i NV hjørnet av kvadranten, men mykje mindre enn i laget over. Hovudsakleg forvitra stein, med nokre få avslag i flint og bergkrystall.

54x 47y: SV kvadrant. Lag 3. Trekolhaldig masse i NA hjørne av kvadranten, men gjekk berre eit par cm nedover. Elles forvitra stein.

50x 47y: Prøverute, 5 cm mekaniske lag. **Lag 1** – overflatelaget er omrota, men likevel avgrensa mellom dei austre og vestre kvadrantane ved ein høgare konsentrasjon av grus i NV og SV kvadrant. Brun av farge, men med lite humusinnhald. I NA og SA gråleg humushaldig sand- og gruslag. **Lag 2** – Mykje likt lag 1, men litt trekolhaldig i NA og SA kvadrant. **Lag 3** – her kjem ein ned på eit konsentrert trekollag i NA kvadrant. Skjørbrend stein. I SA kvadrant er det brungrå humushaldig grus, sand og silt med litt trekol. Noko skjørbrend sand og grus. I NV byrjar grusen å minke og trekolet kjem til syne, men fortsett

mykje brun grus og sand. SV berre grus. **Lag 4** – trekollaget minkar og vert meir spreidd. Konsentrert kring ein stein på 30 cm i diameter som ligg mellom NA og NV. Skjørbrent og forvitra stein (nevestor og mindre). NV Trekolblanda grus og skjorbrent stein. SV kun brun grus. SA trekollaget kjem meir fram her, saman med små skjorbrente steinar. Det brungrå humushaldige fine sand- og gruslaget fortset nedover. Resten av prøveruta er avgrensa til SA kvadrant til og med lag 8. **Lag 5** – Pils piss og øksefragment i mylonitt. Litt uklår linse med trekol og noko forvitra større og mindre stein. Elles mykje likt lag 4. **Lag 6** – Trekollag avtek, elles som lag 5. **Lag 7 og 8** – Mykje nevestor stein, både forvitra og ikkje. 1 funn i lag 7. Ikkje funn i lag 8. Botnen er dekt av nevestor stein, gammal strand. Litt lys sand mellom steinane i lag 7, 8 og botn.

43x 48y: Prøverute, 5 cm mekaniske lag. Berre SV kvadrant opna. **Lag 1** – Fin lys grå sand og silt med mykje spreidde trekolbitar. **Lag 2** – Same som 1, men her kjem ein ned på trekollinsa. **Lag 3** – ein del av trekollinsa. Litt grovare lys grå sand og grus. God drenering sett i høve til lengre nord på feltet. **Lag 4** – Byrjar å bli meir gulgrå, men elles som lag 3. Kollaget avtek, medan funnmengda aukar. **Lag 5, 6, 7 og 8** – Litt grovare sand enn i lag 4, men elles er desse laga svært like. Noko forvitra stein. Ikkje trekol.

53x 47y: Struktur 2. Prøverute, 5 cm mekaniske lag. SV og SA kvadrant gravne. **Lag 1** – Svart trekolhaldig masse fjernet, avdekka klart avgrensa steinpakning. I delar av ruta viste eit brunleg gruslag seg i botnen. 2 skår av keramikk funne i svart masse inne i steinpakningen.

53x 48y: Prøverute, 5 cm mekanisk – stratigrafisk lag. Grov ned til brunleg gruslag. Berre SV kvadrant inneheldt svart trekollag. Inntrykket er at det som er av flint, bergkrySTALL og kvarts stammer frå det underliggande gruslaget.

55x 47y: Prøverute, 5 cm mekanisk – stratigrafisk lag. Berre SV og SA kvadrant gravne. I SV ned til gruslaget, medan trekollaget er djupare i SA kvadrant. Mykje småstein i overflata av brun grus. Steinpakning foreløpig ikkje påvist. Noko kvarts, bergkrystall og flint – truleg frå overflata av det brune gruslaget.

55x 47 – 48y: Prøverute, 5 cm mekanisk lag. **Overflate mekanisk lag 2** – Svart trekollag med grus med småstein på begge sidene. **Overflate mekanisk lag 3** – Restar av svart trekollag med grus med småstein på begge sidene. Større steinar kjem til syne i overflata på lag 3 i same området som restane etter det svarte trekollaget er avdekka.

55x 41y: Prøverute, 5 cm mekanisk lag. NV kvadrant opna. **Overflate mekanisk lag 2** – for det meste svart trekollag med delvis vitra stein. I SV del av kvadranten er det gråleg sand og grus blanda inn i trekollaget. **Overflate mekanisk lag 3** – Reinare og meir avgrensa grålig sand- og gruslag i SV del av kvadranten. Elles svart trekollag med mykje vitra stein, og nokre større steinar som ikkje er vitra. **Overflate mekanisk lag 4** – Svart trekollag i heile kvadranten. Nevestor til hovudstor stein i nordre halvdel av kvadranten. **Overflate mekanisk lag 5** – Svart trekollag i heile kvadranten. Nevestor til hovudstor stein, både vitra og ikkje vitra. Lite stein i SV del av kvadranten. **Overflate mekanisk lag 6** – svart trekollag med grusinnslag i heile kvadranten. Truleg botn av trekollaget. Stor og mindre stein i heile kvadranten. **Overflate mekanisk lag 7** – lys brun grus. Store steinar i kantane på kvadranten, unnateke i SV hjørnet.


54x 45y: Prøverute, 5 cm mekanisk lag. Berre SA kvadrant opna. **Overflate mekanisk lag 2** – Massivt svart trekollag med skjorbrent stein. Brun sand i NV hjørne av kvadranten. Mest


stein i SV del av kvadranten. **Overflate mekanisk lag 2** - Fortsett litt brun sand og grus i NV hjørnet av kvadranten, men meir konsentrert. I N del av kvadranten er det eit massivt svart trekollag, som går over i eit mørkt brunt til svart trekolhaldig sand- og gruslag mot S. Skjørbrænd stein er knytt til sistnemnde lag. **Overflate mekanisk lag 4** – Laget med brun sand er borte. Massivt svart trekollag i NV hjørnet av kvadranten. Elles mørkt brunt trekolhaldig sand- og gruslag med skjørbrænd stein. Ein stor stein i NA del av kvadranten. **Overflate mekanisk lag 5** – Botnlag. To store steinar dekkar om lag heile kvadranten. Elles brun grus.


45x 50y: Prøverute, 5 cm mekanisk lag. Berre SV kvadrant opna. **Overflate mekanisk lag 3** – kompakt svart trekollag med grå linser av sand og forvittra stein. Ei stor flat helle i NV del av kvadranten.



Figur 9. Biletet viser V profil på lokallet 1.








Prøvestikk i samband med avgrensing av lokalitet 1

PS 1: 35 x 35cm. Ca 30 meter NNV for lok. 1, på den vesle flata/terrassen nedunder. 5 avslag i lag 3. Stratigrafi: Lag 1 – 35 cm med torv og gråbrun matjord med lite stein. Lag 2 – 5 cm tjukt svart trekollag. Lag 3 – 20 cm med brunleg humushaldig sand- og grus med noko stein. Funnførande. Lag 4 – 20 cm med grå "steril" sand med noko stein.

PS 2: 40 x 40cm. Teke ca 10 meter NNV for lok. 1, tett inn til ein bergknaus som dannar vestgrensa for lokaliteten. Funnførande. Eitt avslag i flint og eitt i kvartsitt. Stratigrafi: Lag 1 – 30 cm med brun torv og matjord med lite stein. Lag 2 – brunleg sand, funnførande. Lag 3 – grå sand og grus med mykje vitra stein.



Figur 10. Oppmåling av feltet på lokalitet 1 med totalstasjon.

6 LOKALITET 2

Denne lokaliteten ligg på oppsida av vegen i aust. Det er også på denne lokaliteten avdekka spor etter aktivitet i eldre og yngre steinalder, tidleg bronsealder og jernalder (romartid / folkevandringstid).

Funnmaterialet frå steinalder er av same karakter som det på lok. 1, men med større representasjon frå yngre steinalder. Det vart bant anna funne ei holøks i bergart.



Figur 11. Hologga øks i bergart.

Representasjonen av bergkrystall er også større på lok. 2. Det vart ikkje avdekka struktur i tilknytning til funnmaterialet frå steinalder.

Hausten 1998 ble det ved flateavdekking registrert 2 strukturar. C14 prøver frå struktur 1 gav datering til overgangen mellom eldre og yngre bronsealder. Snittinga av strukturane synte at struktur 1 var ei kokegrop. Struktur 2 er noko meir uklar, og ser ut til å være forstyrra av ei yngre nedgraving for ein takbærande stolpe. Det var ved undersøkinga av desse to strukturane (kokegroper) frå bronsealder at hustufta frå folkevandringtid vart oppdaga. Den tidlige gravne sjakta vart difor utvida for å avdekke heile huskonstruksjonen. Etter utvidinga vart det avdekka ytterlegare to kokegroper frå bronsealder. I tilknytning til den eine av desse kokegropene vart det funne ein flateretusjert pilespiss i flint som kan tidfestast til første fase i bronsealder. Denne stemmer såleis godt overeins med C14 dateringane.



Figur 12. Flateretusjert pilspiss av flint.

Med utgangspunkt i veggvollen inn mot bergknausen i V vart eit større område flateavdekka. Heile hustufta, på 35 x 8 meter, vart då avdekka. Den delen av jordet som hustufta ligg er ikkje blitt nydyrka med maskin, og framstår difor som godt bevart. Eit kulturlag dekkjar heile tufta og den viser såleis ingen spor etter forstyrring frå den nyare dyrkinga. Langveggen i V, og kortveggene i N og S, har hatt oppbygging i stein, der bergknausen har vorte innlemma i

husveggen. Langveggen i A har vært bygd i tre, der ei nedgraving og avtrykket etter ein syllestokk er synleg langs heile veggen. I tillegg er det spor etter steinskodde stolpar på utsida av husveggen. Desse strekker seg langs heile huset. Midpartiet på huset ligg på toppen av eit lite høgdedrag, med helling ut mot endane. Huset er inndelt i ein bustaddel i S og en fjøsdel i N.



Figur 13. Datalj frå veggvollen inn mot berget V.

Fleire tilhøve ved hustufta tyder på lokale sær eigenheiter. Innvendig er det avtrykk etter 11 takberande stolpar med makkarar. Det ser ut til at dei fleste av desse har steinskoning. Stolpane i fjøsdelen er noko mindre enn i bustaddelen, men med kraftigare firkanta steinskoningar. Ei mengd mindre stolpar er også avdekka innvendig i hustufta. Fleire av desse ser ut til å representere skiljeveggar og inndelingar av rom. Skiljeveggen mellom fjøsdelen og bustaddelen har også spor etter steinoppbygging. I tilknytning til denne skiljeveggen er inngangane på begge sider i hustufta synlege i grunnen.



Figur 14. Den avdekkta hustufta på lokalitet 2 sett mot N. Avtrykket etter veggvollane er tydeleg i undergrunnen. Her er eldstaden, veggvollane og dei takberande stolane ferdig snitta. Ved snittinga av ein mødding (nærast i biletet, A for eldstaden) vart det funne ei mengd med skjørbrænde steinar og gjenstandsfunn. Inngangspartia er synlege som lysorange felt på begge sider om lag midt på langveggane.

I A er to stolpar trekt ut mot inngangen, med ei stor sandlinse mellom. Nedgravinga for syllstokken er her avbroten. Inngangen i vestveggen går ned via berget. Denne er synleg gjennom opphald i oppmuringa på berget, samt at det ser ut til å vere sprengt (ild og vatn) bort seks større steinar frå berget. Desse har vorte brukt i skiljeveggane mellom fjøsdel og bustaddel. Sentralt i bustaddelen finn vi eldstaden. I botn av eldstaden er det eitt ca 15 cm tjukt lag med trekol, brænde bein og gjenstandsfunn. På eit seinare tidspunkt har eldstaden vorte hellelagd, med eit kraftig funnførande kollag oppå hellene.



Figur 15. Eldstaden (A 21) etter snitt. Legg merke til eldstadhella som ligg i forlenginga av eldstaden .

I ein vinkel langs veggen i A og S, og i tilknytning til eldstaden, er det oppmuringar i stein som truleg er restar etter benkar. Langs veggvollane og på bustadflaten er det funne store mengder never og torv og tynnare trestokkar. Dette ligger over kulturlaget. Det er difor grunn til å tru at dette er rester etter taket, og at dette har vore tekka med troer, never og torv. I S og N har det lagt seg eit leirelag over hustufta, og dette har nok bidrege til dei gode bevaringstilhøva. I ein av steinskingane i fjøsdelen er sjølve stolpen bevart, og det same er tilfellet for ein av stolpane i bustaddelen.




Figur 16. Nedste delen av ein takberande stolpe står att i ein av steinskingane i fjøsdelen. Stolpen er tilhoggen til ein firkanta stolpe.



Figur 17. Bevart stolpe i fjøsdelen (med skoning) og fra bustaddelen (utan skoning).

På utsida av huset i S enden er det spor etter ei innhegning som går i ei svak boge inn mot hjørnet på veggvollen. I tilknytning til denne innhegninga er det avdekkta åkerprofilar.



Figur 18. Åkerprofil like A for SA hjørnet av hustufta.

I tilknytning til veggvollane, stolpehola og eldstaden er det funne mykje keramikk frå spannforma leirkar og skår av klebersteinskar. Noko av keramikken er dekorert, og viser til tre typar dekor. Dekoren tidfestar bruksfasen av huset til omkring 400 - 500 e.Kr., i folkevandringstid.



Figur 19. Skår av dekorert spannforma leirkar og spinnøhjul funne i hustufta.


Kleberskåra viser til stor variasjon i utforminga av karene, både med omsyn til form og storleik. Nokre av skåra har hol for oppheng. Vidare er det funne fiskesøkker, spinnehjul, vevlodd, bryner og jerngjenstandar. Etter som det ser ut til at huset er einfasa, gjev dette eit godt høve for jamføring av funna. Ikkje minst sett opp mot keramikken og kleberkara. I denne samanhengen utgjer det store beinmaterialet frå eldstaden eit viktig materiale. Frå stolpane, eldstaden og veggvollane er det også teke ut makrofossilprøver som vil kunne gje viktige kunnskap. Delar av beinmaterialet er analysert (jf. vedlagt analyse), men det har ikkje vore midlar til å få jordprøvene analysert. Desse er innlevert botanisk institutt v/ Kari Loe Hjelle.



Figur 20. Fiskesøkke i kleberstein og bryne funne ved eldstaden.



Figur 21. Planteikning av hustufta på lokalitet 2 mot N, målestokk 1:20. Nedskalert.



Figur 22. Reinteikning av hustufta på lokalitet 2 mot N, målestokk 1:20. Nedskalert.

Undersøkte strukturar – sjå planteikning i målestokk 1:20 av hustufta for fleire strukturar.

Anleggsnummer 1 – Stolpehol. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 7/6-99 LØB.

Anleggsnummer 2 – Stolpehol. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 7/6-99 LØB.

Anleggsnummer 3 – Veggvoll. Austre langvegg. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 7/6-99 LØB.

Anleggsnummer 4 – Kokegrop. Mørk brun til svart kolblanda sand- og grusmasse. Noko skjorbrent stein. Brend sand og grus. Mykje trekol. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, C-14 datert. 7/6-99 LØB.

Anleggsnummer 5 – Stolpehol. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 7/6-99 LØB.

Anleggsnummer 6 – Kokegrop. Mørk brun til svart kolblanda sand- og grusmasse. Noko skjorbrent stein. Brend sand og grus. Mykje trekol. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 7/6-99 LØB. + høgre stolpehol ved inngangsparti.

Anleggsnummer 7 – Stolpehol. Ytterkant av mogleg stolpehol. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 8/6-99 LØB.

Anleggsnummer 8 – Stolpehol. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 8/6-99 KAV.

Anleggsnummer 9 – Stolpehol. Takberande. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 8/6-99 KAV.

Anleggsnummer 10 – Stolpehol. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 8/6-99 KAV.

Anleggsnummer 11 – Kokegrop. Mørk brun til svart kolblanda sand- og grusmasse. Noko skjorbrent stein. Brend sand og grus. Mykje trekol. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 8/6-99 KAV.

Anleggsnummer 12 – Stolpehol. Venstre stolpehol ved inngangsparti. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 9/6-99 LØB.

Anleggsnummer 13 – Stolpehol. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 9/6-99 KAV.

Anleggsnummer 14 – Stolpehol. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 9/6-99 KAV.

Anleggsnummer 15 – Utgår. 9/6-99 KAV.

Anleggsnummer 16 – Stolpehol. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 9/6-99 KAV.

Anleggsnummer 17 – Utgår. 9/6-99 LØB.

Anleggsnummer 18 – Stolpehol. Takberande. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning, 9/6-99 KAV.

Anleggsnummer 19 – Utgår. 9/6-99 KAV.

Anleggsnummer 20 (konserv. 100) – Stolpehol. Steinskodd stolpehol med nedste delen av den firkanta stolpen bevart i skoning. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Holt av materiale til C-14 datering. Planteikning. 9/6-99 KAV.

Anleggsnummer 21 – Eldstad. Svart sand- og grusmasse med mykje trekol, brende bein og gjenstandsfunn. Hellelagt botn. Stor helle ved eldstaden. To fasar (kollag). Begge lag C-14 datert. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning. 10/6-99 KAV.

Anleggsnummer 22 – Veggvoll. Søre endevegg. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Mykje stein. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning. 10/6-99 KAV/LØB.

Anleggsnummer 23 – Veggvoll. Vestre langvegg. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Mykje stein. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning. 10/6-99 KAV.

Anleggsnummer 24 – Stolpehol. Firkanta stolpeavtrykk. 35 x 33 cm. Mørk brun til svart sand- og grusmasse med noko trekol. Fotodokumentert i flate og snitt. Profildeikning. 11/6-99 LØB.

Anleggsnummer 25 – Stolpehol. Mindre stolpe på innsida av veggvoll A:3. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Plan- og profildeikning. 17/6-99 KAV.

Anleggsnummer 26 – Stolpehol. Nedste delen av den runde stolpen er bevart i nedgravinga. Keramik i nedgravinga. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og ved uttak av stolpen. C-14 datert. Planteikning. 17/6-99 KAV.

Anleggsnummer 27 – Mødding. Mørk brun til svart humushaldig sand og gruslag. Mykje humus og trekol. Mykje gjenstandsfunn. Fotodokumentert i flate og snitt. Plan- og profildeikning. 17/6-99 KAV/LØB.

Anleggsnummer 28 – Veggvoll. Ved inngang i vestre langvegg. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Mykje mindre stein. Fotodokumentert i flate og snitt. Profil- og planteikning. 18/6-99 LØB.

Anleggsnummer 29 – Stolpehol. Takberande. Vestre rekkje. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Profil- og planteikning. 18/6-99 KAV.

Anleggsnummer 30 – Stolpehol. På utsida av austre veggvoll A:3 i fjøsdel. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning. 18/6-99 KAV.


Anleggsnummer 31 – Stolpehol. På utsida av austre veggvoll A:3 ved inngang bustaddel. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning. 18/6-99 KAV.

Anleggsnummer 32 – Stolpehol. I bustaddel ved eldstaden. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning. 18/6-99 KAV.

Anleggsnummer 33 – Veggvoll. Nordre endevegg. Mørk brun humushaldig sand og grus. Trekolhaldig. Litt stein. Fotodokumentert i flate og snitt. Planteikning. 18/6-99 KAV.


SMITTEVINDSER REFTUER MOT VEDD.

STRUKTUR
A: 1: STORHOL




- ① Svart kullholdig, mørke brun → svart sand og gruslag.
- ② Brun sanding gruslag. En del kullpartikler.
- ③ Brun sanding, gruslag, noe kullpartikler (Noe gruslag)
- ④ Pur gulbrun fers og grus En del stein

STRUKTUR
A: 3: VEDDVALE




- ① Grå/brun sand og stein, mye kullpartikler
- ② Ljose med bark.
- ③ Grå/brun brun og stein med kull.
- ④ Grå/brun sand og stein, noe kullpartikler, lite kull.

STRUKTUR
A: 2: STORHOL



- ① Svart kullholdig, svart sand - og gruslag (lite grus, mye kull)
- ② Grå/brun sand - gruslag, noe kull (steinpartikler) NOE GRUSLAG
- ③ Rødt/brun fers (lite stein og noe stein)

STRUKTUR
A: 5: STORHOL




- ① Svart kullholdig, svart grus og sandlag
- ② Grå/brun sand og stein, noe kull
- ③ Grå/brun sand/silt (uten kull)

SVITTPROFFLE
1/20 KAV 11/2-99.
STRUKTUR

A:4


KOKSELOP
Rødt mot sør



KOKSELOPPEN STRUKTUR
Seo tegninga mot vest
nåu bli teie nivået
på sturten; vestlike
del av kokseloppa

- 1 SVART SAND- og SEISLUSJE (med kull og skobrevur stein)
- 2 mørk brun sand-lusje
- 3 Rødbrevur Aue (uten kull)

SVITTMØLL
1/20 20/5 1/2-99
STRUKTUR A:6




KOKSELOPP (Husk gjerdes i.e. nettiv.)

→ Kalkstein, stutt og lang, med kull, legg skida på oppgjerd/oppell.

■ = STIKK HJØRNING LAG
① = STIKK, RØDT SANDSTRØM OG R.
② = RØDT OG MØRKEBRUN, N/S SAND OG LUSJE, (HVALE SANDLUSJE, I.e. RØDT OG R-1)
③ = STENKULL SAND H/ STIKK, RØDT MØRKEBRUN OG R.
④ = LUSJE SAND/LEIR
⑤ = MØRKE BRUN OG R/SAND


SVITTMØLL
1/20 KAV 8/6-99
STRUKTUR A:8 STOLZEHOL



* I sørlike del av sturten
ble det funnet 2 store
skoningsstein.

- 1 SVART KULLHOLDE SAND- og SEISLUSJE (med kull)
- 2 Svart sand- og seislusje med litt kullholde
- 3 LIS BRUNT SAND- og SEISLUSJE (med kull)

SVITTMØLL STRUKTUR A:9
1/20 KAV 8/6-99 TARBREVDØ STOLPE



13 Stein (10-25cm)
30m Skoningsstein
20m Sand
Mørlusje og
Sturten. Disse ble
gjennet ved svitt


- 1 SVART KULLHOLDE SAND- og SEISLUSJE (med kull)
- 2 Gulbrunt Sand- og ginsing uten kull.
- 3 Brunt sand- og seislusje (vedgryning) Litt kull.

* Sand NR. 57 KEANIKK
SKEDRE FRAMMUNGE AV 3E/1

PROFILTEKNIKK

STRUKTUR A:1 og A:5 (Sjette SVITT, A:1 + DREIS, A:5 = FESKOKULLU (SUTREKKE))

1: A:0
1/5: A:0
TERKOL (A:1) FORT. ST




KORNEREDEL: Mykje eller no mindre forrest i løten på kassen. Særlig under A:5. Sammenhengs fundament for sylvekke.

■ = Kalkhellig jord/sand (SULSTORV).
 ▨ = Ljos grø sand/jord m. litt grø.
 ▩ = Ljos grøtt sand.
 ▧ = Ljos grø sand/jord m. litt rind/oljehvitt eller (opp litt grøtt pergamentgrø).
 ▦ = Rind ljos grø sand.
 ▥ = Mørk fenn litt grøtt sand litt sand rind/oljehvitt eller.

▭ = Sten

SUTREKKEDE STRUKTUR A:1 KOKERDEP
 1/20 KAV 9/5-99



① Svart, svart kulhellig jord og grusling

② Rødt brun jord og grus

A.F.N. KERAMIKK


THE STÅLE STILV DRUVER
 SKOULVE / TILVEKE TIL DRUVE MUDRE.

① DANKING MED JERPNREKT STEN, MED SVART/SVART KERAMIKK-MASSA MELLAN STENENE.

② Rødt brun sand - og skind + MYE STILV.


Matre LOK 2

STRUKTUR A:13 Skolehol
1120 9/6-99 KAV




① MUR BEVU KUVALEDE SAND OG SKIVLE HUMME
② VEDENVINS LYS BEVU SAND OG ELM. 2. SPETTE, 150 CM SAND.
③ BEGRENST SKIVLEDE UTEN KVALTREMURTE

STRUKTUR A:14 Skolehol
1120 9/6-99 KAV




① STEN, KUVALEDE HUMMEHOLE SAND OG SKIVLESE
② BULD SAND - OG SKIVLEHOLE UTEN
③ RØDGRØNT BRUKLØST UTEN KULL

STRUKTUR A:15 Skolehol
1120 9/6-99 KAV




① LYS LYS SAND/KULL/GRØ
② TIDELIGGJØTT GRØNT GRØNT SAND
③ 1/2 MUR/SAND, KAN ILL BRUKT

STRUKTUR A:16 Skolehol
1120 9/6-99 KAV



① ELM SAND - OG SKIVLEDE HUMME
OG BUL - KVALTREMURTE
② BEGRENST SAND - OG SKIVLEDE
TIDELIGGJØTT MED LYS SAND
OG HUMME
③ BEGRENST GRØNT OG SKIVLEDE
BULDREDE SANDLØSE UTEN
BRUKLØST UTEN KULL

STRUKTUR A:17 Tvekkande Støtte (Skolehol)
1120 9/6-99 KAV



① GRØNT TIDELIGGJØTT GRØNT SAND
② STEN
③ MURTE LYS UTEN SKIVLEDE
ELEM SAND, GRØNT SKIVLEDE
DALS FOR SAND OG KULL
OG A VESTRE SIDE, ILL
SKIVLESE, OG ILL
BYER DALS

STRUKTUR A: 21 ENDSTAD
1120 10/6-99 KAV

SUTTEPOTIL MOT N

NYESTE BEGRIPPE I LAG ①
SISTE FASE I LAG ②
SUTTEPOTEN ER BLITT OPPKASTET



- ① KULLAS, HUNNTHOLDIG SAND - OG STENS. BEGRIPPE. KULLREBEVE
- ② KULLAS, MED SAND OBERUSJAV OVER. SKISVART JOE MIDDRE STEINER KULLREBEVE
- ③ KULLAS. VESTRE MTEKLETTUDE. BESTÅENDE AV KULLBITER OG BENT BEIN. LIT STEIN OG SAND AV LAGET SVART SAND OG LIT STEIN OG SAND. 2x opp til 10 cm og mindre kullst. Sandrebeve og kullrebeve
- ④ INN BULBEIN SAND.
- ⑤ LYS BEIN LAG MED SAND - STEIN OG STENS. FJESTIKKET I GUNDEL AV VEIT.
- ⑥ BEIN LAG MED SAND - STEIN OG STENS. FJESTIKKET AV VEIT


Receptoppsett A: 20 Smedde Skolpe
 1/20 KAV 316-09 (Rest av stolpe stav i 6500 i skovbeid)





- ① Svart kullegg
 - ② mørk grått sandstein inn i kvithvitt
 - ③ 1/2 gjei sand - og gress. (lit kvithvitt)
 - ④ mørk grå steinpartikkel (smi stein)
 - ⑤ Fin grønn sand (gritt)
 - ⑥ Gei steinpartikkel (søppelstein) kvithvitt
 - ⑦ mørk grått hummersteinsmasse (kvithvitt)
 - ⑧ Nøst sandstein restpartikkel (kvithvitt)
- (mørk dobbel stolpe same masse steinene ser enede ved til hove for stolpe)
- Profiltegnning A: 20 skoda stolpe.





- ① mørk grått hummersteinsmasse (kvithvitt)
- Nøst sandstein restpartikkel
- ② same som ① men litt lysere på farge - noe mer sand
- ③ kvithvitt sand og steinpartikkel.











Figur 23. Oppmåling av feltet på lokalitet 2 med totalstasjon.

7 OPPSUMMERING

7.1 Ein buplass frå steinalderen og bronsealderen

Det er gjort funn frå både steinalder, bronsealder og jernalder på begge lokalitetane på Sunde. På lokalitet 2 kan ein, i tillegg til dei strukturane som kan knytast til langhuset frå eldre jernalder, skilje ut strukturar frå bygningar utan at ein har lukkast å finna eit mønster i samansetninga av desse. Truleg representerer dette spor etter eldre bygningar som har stått på staden før langhuset vart reist i overgangen mellom romartid og folkevandringstid. Dei er difor forstyrta i eldre tid, i tillegg til forstyrringar i samband med dyrking i nyare tid. To groper på lokalitet 2 vart radiokarbondatert til bronsealder. I den eine gropa vart det funne ein flateretusjert pilspiss i flint. Både daterte strukturar og funnmaterialet syner at buplassen også har vore i bruk i bronsealder.

7.2 Eit gardsanlegg frå folkevandringstida

Dei nyaste funna frå buplassen på Sunde i Matre er med på å kasta nytt lys over kulturhistoria i denne regionen. Funna frå Sunde viser mange spor etter busetnad; ein jakt- og fangstbuplass frå eldre steinalder og ein jordbruksbusetnad gjennom fleire årtusen, frå yngre steinalder, bronsealder og eldre jernalder. Men det funnet som skil seg særleg ut på denne buplassen, er ei godt bevart hustuft frå folkevandringstida.

Gardsanlegget ligg solvendt til rett opp frå Øyersneset i Matrefjorden. Landskapet kring denne audegarden er bratt og kupert, medan markene flatar meir ut i området mellom Mjelkevika og Geitvika. Det var i dette området hustufta vart funne, i samband med Hordaland fylkeskommune sine undersøkingar på staden.

Dei ytre måla på hustufta er 35 x 10 meter, medan dei indre måla er på vel 31 x 8 meter. Langveggane krummar inn mot endane, slik at det her er ei breidd på 7 meter. Dette gjev eit bruksareal på ca 230 kvadratmeter. Langhuset er inndelt i ein bustaddel i sørvest og ein fjøsdel i nordaust. Fjøsdelen utgjer ca 14 meter i nordaustre delen av langhuset. I store delar av hustufta er det restar etter kulturlag, som inneheld eit rikt funnmateriale. Gjenstandsfunna i jern, tre, glas og keramikk har halde seg godt bevart i dette kulturlaget. I tillegg inneheld kulturlaget mykje organisk materiale og bein.

Langveggen i nordvest og kortveggane i nordaust og sørvest har hatt veggvollaft i stein, der bergknausen har vore innlemma i husveggen. Langveggen i søraust har vore bygd i tre. Dette går fram av ei nedgraving og eit avtrykk etter syllstokk som er synleg langs heile veggen. I tillegg er det spor etter steinskodde stolpar langs utsida av langveggen i søraust. Midtpartiet på huset ligg på toppen av eit høgdedrag, med helling ut mot endane.

Innvendig er det avtrykk etter 11 par med takberande stolpar. Dei fleste av desse har steinskoning. Desse skoningane skulle både stiva av stolpane og seinka prosessen med at stolpeendane rotne. Stolpane i fjøsdelen er noko mindre enn i bustaddelen, men med kraftigare firkanta steinskoningar. Ei mengd mindre stolpar er også avdekka innvendig i huset. Desse ser ut til å representera skiljeveggar og inndelingar av rom. I skiljeveggen

